



Uskedaal Musikklag skuffar ikkje sitt publikum.

Eit femitals menneske fann vegen til Stemneplassen i kveld for å vera med på friluftskonsert på det vakre friområde sentralt i Uskedalen. Arrangøren Uskedal Friluftslag er godt nøgd med frammøte i det fine og til tider svært varme veret. Konsertaktørane Uskedal Musikklag og Rustne Menn gjennomførte sine program etter oppsett plan og etter det vi kunne registrera, likte publikum repetoaret til begge gruppene.

Loddsalet var erstatta med vedlotteri og betaling med Vipps eller på konto. Så langt er det kome inn over kr. 10.000,-. 1. september vert det trekt ut to vinnarar som vil få kvar sine 5 sekker ved overlevert. Det er med andre ord enno tid til å vera med i trekkinga.

Uskedal Musikklag har ikkje lege på latsida i sommar. Brassbandgruppa har øvd i heile sommar. Dei var klare for å stå fram med sitt program, alt frå religiøs musikk til marsjar og populærmusikk. To av medlemene stilte med nye instrument, to trekkbasuner. Tubaisten er også tildelt nytt instrument. Det er kome i hus, men vart ikkje brukt i kveld. Med god støtte frå SpareBank 1 stiftinga Kvinnherad let det seg gjera å kjøpa instrument til langt over kr. 100.000,-



[Rustne Menn har fin utvikling og finn etterkvart sin stil.](#)

Rustne Menn er ein frisk pust i song- og musikkmiljøet i Uskedalen. Den nye allsongboka deira med 80 tekstar vil bli lansert seinare i haust.

Hesteskokasting er alltid like populært. Vinnaren er alt registrert på vedlotterilista.

Uskedal Friluftslag takkar alle som støttar arbeidet med renovering og oppgradering av scenebygget og det store område rundt.

VIPPS: 605565

Konto: 3460.07.53659

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Ståle Eik / Kristian Bringedal



Koronareglane vart etterlevd med avstand, listeføring og bruk av antibac.